

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 20.01.03 **Tid:** 13.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett 14.01.03.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Ole Totland

I staden møtte:

Margot Hisdal

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef. Ass.adm.sjef var til stades under handsaming av sakene 1 til 5, leiar av teknisk eining ved handsaming av sakene 6 og 8.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 23. mars 2012

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0001/03	02/00355	TILKOMSTVEG TIL GNR 18, BNR 49 SKOTTABAKKEN, REISTAD.
0002/03	02/00545	VURDERING AV SFO-SATSANE
0003/03	03/00006	DELEGERINGSREGLEMENT
0004/03	03/00008	TILLEGGSLØYVINGAR 2003. KJØP AV NY OPPVASKMASIN PÅ SAMNANGERHEIMEN
0005/03	03/00008	TILLEGGSLØYVINGAR 2003. TAKSERING KNYTT TIL UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT
0006/03	02/00382	Unntatt offentlighet §6
0007/03	01/00488	FLYTTING AV PENSJONSSELSKAP. UTTALE TIL KS
0008/03	03/00021	KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS

0001/03

TILKOMSTVEG TIL GNR 18, BNR 49 SKOTTABAKKEN, REISTAD.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Det var synfaring på området før handsaminga i møtet. Med på denne synfaringa var tilsette i teknisk eining.

Det vart sett fram eit felles framlegg som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- *Det pågår no planarbeid omkring busetjing av funksjonshemma i Samnanger kommune. Skottabakken er det området som så langt har peika seg ut til dette føremålet. Det vidare arbeidet reknar ein med skal vera avslutta i løpet av 2003.*
- *Ein må sjå søknaden om å leggja om vegen i denne saka i samanheng med desse planane.*
- *Søkjjar vert kalla inn til utfyllande informasjonmøte om den situasjonen kommunen er i/ kva tankar, planar som er for området.*

0002/03

VURDERING AV SFO-SATSANE

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Magda Haugen sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Iverksetjing av vedtak i kommunestyre sak 42/02 SFO satsar vert først gjort gjeldande frå 01.08.2003. Betalingssatsane for SFO frå 01.02.03 til 31.07.03 vert som for 2002, men indeksregulert med 5%.

Heile SFO-ordninga (rammeplan med meir) skal opp til handsaming i kommunestyret våren 2003.

Vedtaket er fatta med heimel i § 13 i kommunelova ("hasteparagrafen").

Vedtak:

Iverksetjing av vedtak i kommunestyre sak 42/02 SFO satsar vert først gjort gjeldande frå 01.08.2003. Betalingssatsane for SFO frå 01.02.03 til 31.07.03 vert som for 200, men indeksregulert med 5%.

Heile SFO-ordninga (rammeplan med meir) skal opp til handsaming i kommunestyret våren 2003.

Vedtaket er fatta med heimel i § 13 i kommunelova ("hasteparagrafen").

0003/03

DELEGASJONSREGLEMENT

Handsaming i møte:

Utvalet valde å la saka gå direkte til kommunestyret der det vert lagt opp til ein spørsmåls-/informasjonsrunde i forkant av drøftingane.

Vedtak:

Saka vert oversendt kommunestyret utan handsaming.

0004/03

TILLEGGSLØYVINGAR 2003.

KJØP AV NY OPPVASKMASIN PÅ SAMNANGERHEIMEN

Framlegg til vedtak::

Søknaden om tilleggsøyving til kjøp av ny oppvaskmaskin vert imøtekomen.

Konto nr. 1.3100.2530.2001 vert auka med kr 40.000

Konto nr. 1.1200.1800.4900 vert redusert med kr 40.000

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Søknaden om tilleggsøyving til kjøp av ny oppvaskmaskin vert imøtekomen.

Konto nr. 1.3100.2530.2001 vert auka med kr 40.000

Konto nr. 1.1200.1800.4900 vert redusert med kr 40.000

0005/03

TILLEGGSLØYVINGAR 2003.

TAKSERING KNYTT TIL UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT

Framlegg til vedtak::

Det vert løyvd inntil kr 50.000 av konto for tilleggsøyvingar 1.1200.1800.4900 til bruk ved taksering av grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt for verk og bruk. Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.1200.1204.2700 konsulentteneste.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert løyvd inntil kr 50.000 av konto for tilleggsloyvingar 1.1200.1800.4900 til bruk ved taksering av grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt for verk og bruk. Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.1200.1204.2700 konsulentteneste.

0006/03 **Unntatt offentlighet §6**

0007/03

FLYTTING AV PENSJONSSELSKAP.**UTTALE TIL KS****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune viser til resolusjon fatta på Hurdalskonferansen 16. og 17.01.03, og sluttar seg til dei krava som her er sett til KS vedkomande oppfølging av pensjonssaken.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok framlegg til vedtak mot 1 røyst.

Vedtak:

Samnanger kommune viser til resolusjon fatta på Hurdalskonferansen 16. og 17.01.03, og sluttar seg til dei krava som her er sett til KS vedkomande oppfølging av pensjonssaken.

0008/03

KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS**Framlegg til vedtak::**

Avgifta for fleirbustadbygg vert å fastsetja slik:

Blokker

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Rekkehus

Kvar eining vert handsama som vanlege einebustader.

Bukollektiv/ bufellesskap

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak, men det vart bestemt at satsane skal gjerast gjeldande frå andre kvartal 2003 for dei som får ein urimeleg stor auke i høve til tidlegare ordning.

Vedtak:

Avgifta for fleirbustadbygg vert å fastsetja slik:

Blokker

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Rekkehus

Kvar eining vert handsama som vanlege einbustader.

Bukollektiv/ bufellesskap

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Vedtaket vert gjort gjeldande for 2003, men for dei eigedomane der det vert ein urimeleg stor auke skal dei nye satsane gjelda frå andre kvartal 2003. For desse gjeld satsane vedteke i desember 2002.